	<p style="text-align: center;"><b>Årsmøte</b> <b>KFUM Volda Volleyball</b></p>	<p><b>Tidspunkt:</b> 10.3.2019 <b>Kl.</b> 18.00-19.30 Amfiet, Volda turisthotell</p>
	<p><b>Saksliste og sakspapir for årsmøtet i KFUM Volda Volleyball</b></p>	

## 1. Godkjenne dei stemmeberettiga

## 2. Godkjenne innkallinga og sakslista

## 3. Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen

## 4. Behandle gruppeårsmeldingar og årsmelding

## 5. Godkjenne klubben sin rekneskap for 2019

- Rekneskapen syner eit overskot på ca. kr. 10.000,-  
Eige vedlegg. Dei som vil ha spesifisert rekneskap får det ved å sende epost til [post@kfumvolda.no](mailto:post@kfumvolda.no)


## 6. Behandle innkomne forslag og saker

- Innsendt sak frå Bodil B. Helle:  
«Framlegg til endring av retningslinjer», jf. [http://www.kfumvolda.no/?page\\_id=37](http://www.kfumvolda.no/?page_id=37). Her står følgjande under punktet «Speling for lag i eldre klasser»: «Laget ein høyrer til aldersmessig har alltid første prioritet.».

Foreslår at dette vert endra til følgjande: «Spelaren skal trene og spele der det er best for spelaren si utvikling»

Styret har behandla saka, og støttar ikkje framlegget slik det er formulert no. Saksutgreiing frå styret kjem til søndag 8. mars

- Framlegg frå styret:  
Styret ønskjer at klubben skal søke om NM i 2019. Planen var å søke om U15 NM, men no rett før årsmøtet ligg det an til at det blir vedteke nye retningslinjer for søking av NM frå Forbundsstyret i Norges Volleyballforbund.  
For å arrangere NM trengst det mange hender, og styret ønskjer difor eit årsmøtevedtak på søknaden, slik at styret har heile klubben «i ryggen» ved ein slik søknad.

	<b>Årsmøte</b> <b>KFUM Volda Volleyball</b>	<b>Tidspunkt: 10.3.2019</b> <b>Kl. 18.00-19.30</b> Amfiet, Volda turisthotell
	<b>Saksliste og sakspapir for årsmøtet i KFUM Volda Volleyball</b>	

## 7. Fastsette medlemskontingent/treningsavgift

Styret foreslår uendra kontingent og treningsavgift.

Lag	Kontingent	Treningsavgift	Totalt
U13 og yngre	kr 450,00	kr 650,00	<b>kr 1 100,00</b>
U15	kr 450,00	kr 950,00	<b>kr 1 400,00</b>
Over U15	kr 450,00	kr 1 350,00	<b>kr 1 800,00</b>
Elevar ved ToppVolley Norge	kr 450,00	kr 550,00	<b>kr 1 000,00</b>
Student	kr 450,00	kr 550,00	<b>kr 1 000,00</b>
Masters/Mix-laget	kr 450,00	kr 650,00	<b>kr 1 100,00</b>
Medlem	kr 450,00	kr 0,00	<b>kr 450,00</b>

## 8. Vedta budsjett for 2020

Eige vedlegg

## 9. Foreta val av:

### Posisjonar:

- Nestleiar, styremedlem (kasserar), og varamedl.
- Medlem og varamedlem i valkomite

### Sittande styre:

- Irene Krumsvik, Tek ikkje attval
- Nancy Ann Brattli, Tek ikkje attval
- Svein Flåskjer, Ikkje på val
- Rune Aarflot, Ieiar, Ikkje på val
- Jan Olav Brænde, Tek ikkje attval
- Kristin Indresøvdde, Tek ikkje attval
- Leiv Røv, Ikkje på val

Valkomiteen har ikkje kome i mål med arbeidet pr. 3.3., så innstilling vil kome når den er klar.

## 10. Endring av vedtekter

- Styret vedtok nye vedtekter for klubben på styremøte 23.1.2020 etter krav frå NIF. For at vedtektene våre skal vere godkjent frå sponsoren vår Idrett utan alkohol, kjem vi til å føye til eit eige punkt ang. bruk av alkohol i klubben.

Blir lagt ut søndag 8. mars.